



Punktum med sus og brus over også denne gongen!

Det er alltid besværleg å berekna kor mange som har vore innom ei tilskipping og slik er det og med årets aktivitetsdag i hamna. Men at det var fleire enn 1000 er ganske sikkert og fleire har det truleg ikkje vore før. Det vart med andre ord ein ny suksess som set eit årleg punktum over det som skjer i bygda. Standarden på ein vrimmel av aktivitetar låg heller ikkje noko etter tidlegare år, sjølv om Hopp i havet burde ha hatt fleire enn 8 deltakande lag.

I denne forfriskande tevlinga var det ingen som kunne truga Schat-Harding dette året heller på tid, medan Kvinnherad Breiband var mest kreative og Damevennene sjølv mest optimistiske,

**HOPP I HAVET:**

[Sjå bilete frå Hopp i havet](#)



Vokalist Kjell Kallestad fekk det til å svinga

Juryen leia av Gunn Mari Moberg innrømmer at det ikkje var samde om den siste avgjerda, fordi Oddmund Soldal også dette året fant på eit sprell i kjent stil. Han hamna på ryggen og kan vera glad for at han ikkje skada seg ålvorleg. Dei andre som deltok var Spar, Dimmelsvik Bil, Kvinnherad Elektro og speaker Kjell Erik Taranger, som melde seg frivillig som ankermann og kom uskada frå det. Han var flinkare til å symja enn til å kommentera...



[Frida Nybakk har ein fin røyst](#)

Programmet vart innleia med dans av ei gruppe frå Herøysund og ei frå Uskedalen. Det er tydeleg at dansen no har vind i segla begge stader og her er det Frida Nybakk og Marit Kjerpeseth som tek seg av instruksjonen av dei 10 jentene. Frida er ei allsidig jente, ho overtydde også med songen sin i dag.





[Bjarne Lilleaas plukkar inn ender](#) Men den som scora flest poeng og verkeleg fekk det til å svinga var vokalisten i Aristocats. frå Sotra og Bergen, gravemaskinkjørar Kjell Kallestad. Han og bandet hadde ein konsert som fekk det til å kribla i danseføtene - ein fin tributt til arrangementet. Kjell har no hatt campingvogna si ståande i 3 år på Rabben og må berre halda fram med det.



[Kua til Svein Ottar Rørheim](#) kjem for å gje svar på bingoen Dei lokale bøndene har funne eit fast plass i dette arrangementet og bidrar til det på ein svært positiv måte. Kuskitingoen toppa programmet deira også dette året og den 3 år gamle kua til Svein Ottar Rørheim sørger for at Johannes Feet vann denne gongen. Eigaren frykta at tevlinga skulle vare i både det vide og breie men frykten var ugrunna!





[Soldal](#) vart heldigvis ikkje skada sjølv om han var var uheldig med stuntet...

Ein fast og populær post er også andeløpet frå Djupehølen til Rabben og dette er eit smart og engasjerende tiltak for eit godt føremål. Anbjørn Høvik leia eit team på 3 som høsta ender i stor stil.



Silvana som er 8 og frå Herøysund dansar zumba

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dansen har kome for fullt også til Uskedalen